


## Allegro for to



Arbeidsvisning
av **Kvadratteatret**

Med teknikkar frå klovne- og maskespel, utforskar Allegro for to (arbeidstittel) tematikken einsemd. Einsam frivillig eller ufrivillig, åleine eller med andre, i kjærleik eller sorg. Kompaniet vil undersøke kva det vil seie å stå utanfor eit fellesskap og når det kan bli farlig.

Å kjenne på einsemd kan vere sårt og vanskelig å snakke om som ung. Framsyninga tek sikte på å opne for dialog om einsemd med og mellom barn.

**Kvadratteatret består Haflidi Arnar Haflidason, Andrea Jervell, Henrik Tidemann og Andrea Mølmen, alle utdanna frå Teaterhøgskolen i Nord-Trøndelag og NSKI høyskole (2016). På scena denne gongen står Henrik og Haflidi. Dette er den andre produksjonen til kompaniet.**

**Kvadratteatret har Frontlosji og utviklar arbeidsvisning til årets festival.** *Etter visninga kan publikum gi attendemelding til kunstnaren.*

**Torsdag 22. februar kl. 18:30 i Søylesalen #UFO**



## What Shines av Papirvinger



**«Vi lever på en ufattelig nydelig liten planet, men vår eksistens som mennesker er truet. Hvis vi skal overleve må vi lære oss å tenke annerledes. Fremtidens tanker må være naturlojale»**
**– Arne Næss**

Djupøkologien/økosofi er så kompleks at det inkorporerer eit heilt verdssyn. Den leikne professoren Arne Næss meinte at vi må gå frå økologi til økosofi som fokuserer på verdiar. Det er ikkje nok å konstatere noko, ein må gjere noko.

Framsyninga dukkar med barnleg nysgjerrigheit inn i den djupe filosofien og zoomar inn på det næraste og minste. Sjølv eit lite insekt kan vise seg å vere ein viktig brikke i det store puslespelet.

Kanskje kan også dansekunstnaranes bevegelsar lage ringar i vatnet?

**Papirvinger jobbar ofte stadsspesifikt og er kompaniet til dansekunstnar Ine Terese Hogstad (BA i dans frå UiS, Nordic Master of Arts in Dance frå NTNU, 2015). Dette er Papirvinger si andre heilaftens framsyning. Med seg har ho dansekunstnar Kyuja Bae, lysdesignar Thomas Bruvik og komponist Hanne Vatnøy.**

**Torsdag 22. februar kl. 20:00 i Kongesalen**



## Her Past in Their Present Now



Arbeidsvisning
av **Grov Productions**

Denne personlege framsyninga utforskar den fysiske og psykiske påkjenninga det er å ha diabetes i danseverda. Framsyninga tek utgangspunkt i Brita Grov og dansarane sine opplevingar knytt til kroppspress og den ideelle dansekroppen.

Vi møter kvinnelege dansarar med ulike etniske bakgrunnar og med varierande fysikk, saman skapar dei ein refleksjon rundt tematikken. Gjennom sterke bevegelsar, intense handlingar, og ved bruk av pust og tekst avsløres aktøranes angst, stress, tristheit, panikk og usikkerheit.

**Grov Productions er eit moderne dansekompani med internasjonale aktørar leia av dansekunstnar Brita Grov (Laban Centre London, 2014). Grov har mellom anna vore koreograf for esc ungdomskompani. Dansarar er Hazel Firth, Georgia Heighway, Sophie Thorpe, Samantha Furnival og Robyn Holder.** *Etter visninga kan publikum gi attendemelding til kunstnaren.*

**Fredag 23. februar kl.18:30 i Søylesalen #UFO**



## The First Time I Saw the Sea



av **YVA Theatre Company**

Vi møter Oscar, ein briljant komponist, vågal eventyrar og håplaus romantikar som elskar å fortelje sine historier. Nokon vil nok òg påstå at han føretrekk ei god løgn framfor ei sann forteljing. Men når han byrjar å gløyme sine eigne historier, kor blir dei da av? Kven er han utan minna sine?

YVA presenterer ei framsyning om den uklare linja mellom minne og fantasi, i ei historie fortalt ved hjelp av masker, musikk og forteljarteater som verkemiddel for å balansere på linja mellom komedie og tragedie.

**YVA Theatre Company har base i Frankrike, Noreg og Canada. Medlemmane er Maren Ylva Nysæther Sørensen, Elias Hauter, Miriam Fernandes, Tonje Dreyer Sellevoll, Sturla Alvsvåg, alle utdanna ved Ecole Jacques Lecoq i Paris (2016). Dette er den andre produksjonen til kompaniet.**

**Fredag 23. februar kl. 20:00 i Kongesalen**



## Put Out the Light
**av The Fourth Stage**



**«An object is not so attached to its name that one cannot find for it another one which is more suitable».**
**— René Magritte**

The Fourth Stage vil gi døden eit nytt namn. Korleis forheld vi oss til døden? Korleis kan vi snakke om noko som ingen levande har opplevd? Kva språk skal vi nytte for å omtale det som ligg utanfor språket sine grenser?

Nokre av stemmene i framsyninga kjem frå forfattarar som Langston Hughes og Emily Dickinson. Andre tankar er samla ukjente stemmer, eller generert ved frie assosiasjonar. Saman lagar stemmene ein collage som beveger seg mot ei forståing av det uforståelege. Framsyninga tek deg inn i en verd kor tekst blir til lyd, lyd blir til bevegelse, bevegelse blir til lys blir til sang og døden talar for livet. Det finnes ingen motsetningar her.

**The Fourth Stage er eit tverrkunstnarisk kompani som består av dansekunstnar Mirte Bogaert (Skolen for Samtidsdans, 2014) og musiker Vincent Stephen. Dette er deira andre framsyning. Scenografi, kostyme og lysteknikk av Randiane Sandboe.**

**Laurdag 24. februar kl. 18:30 i Søylesalen**



## Your Guess is as Good as Mine



av **TGO//4332**

TGO//4332 tek deg med på ei reise gjennom dine eigne tankar, minne og refleksjonar. Gjennom abstrakte bilete som kan gi frie assosiasjonar, er målet å lage eit sterkt og ope formspråk inspirert av naturen. Kanskje hugsar du noko du har gløymt, eller tenker ein heilt ny tanke? Framsyninga ønsker å appellere til noko som ligg bortanfor, mellom linjene og bak orda. Noko som ligg utanfor kroppen og dei kjende formene. Noko vi kanskje ikkje forstår, men likevel dreg kjensel på.

**TGO//4332 sin kjerne består av Liv Guri Østrem, Thomas Bruvik og Gunnar Innvær, dei har lang erfaring frå ulike område i scenekunstfeltet, mellom anna Carte Blanche. Dette er den fyrste framsyninga til kompaniet. Dansekunstnarane er Lisa Bysheim og Karen Eide Bøen.**

**Laurdag 24. januar kl. 20:00 i Kongesalen**



| TORSDAG | Kongesalen | Søylesalen | Cornerbaren |
|---|---|---|---|
| 10:00 | | | Seminar: Dramaturgi som verktøy |
| 18:30 | | Allegro for to | |
| 20:00 | What Shines | | |
| FREDAG | | | |
| 10:00 | | | Seminar: Individuelle møte |
| 18:30 | | Her Past in Their Present Now | |
| 20:00 | The First Time I Saw the Sea | | |
| LØRDAG | | | |
| 13:00 | | | Bransjekaffi |
| 18:30 | | Put Out the Light | |
| 20:00 | Your Guess is as Good as Mine | | |
| 21:00 | | | #losjefest |

**Billettar:** frontlosjen.ticketco.no
**Påmelding seminar:** post@frontlosjen.com
@frontlosjen | #losjefest | frontlosjen.com

**Støtta av:** Bergen kommune, Hordaland Fylkeskommune, Fond for utøvende kunstnere. Cornerteateret, Proscen, Dramatikkens hus.


FRONT
LOSJE
22.-24. FEB
FESTI
VALEN
CORNERTEATERET
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
BERGEN KOMMUNE
ffuk.no